

Styremøte i Sogn og Fjordane Sau og Geit

Stad: Thon Skei Hotell

Tid: 27. februar 2015

Frammøtte: Ragnhild Sæle, Lars Nesse, Jo Risløv, Odd-Jarle Øvreås, Vidar Sandal.

Sak 11/15: Godkjenning av uttaksreglar til NM gjetarhund.

Styret godkjenner reglane som er vedtekne i gjetarhundnemnda.

Sak 12/15: «Reglar» for innmelding av arrangement gjetarhund.

Innmelding til landsprøve skal gå via styret i SFSG. Andre arrangement kan kvart gjetarhundlag melde inn sjølv, direkte til NSG.

Sak 13/15: Kasserar/rekneskapsføring frå og med 2015.

Jo Risløv tek over som kasserar etter Mirjam Friberg som har sagt opp.

Sak 14/15: Styret sitt framlegg for disponering av rekneskapsresultatet for 2014.

Styret føreslær følgjande disponering av årsresultatet for 2014: Kr 15000 til fondskonto for jaktutstyr i samband med rovdyrjakt, kr 5000 til ferdigstilling av geitefilm og kr 13704 til eigenkapital.

Sak 15/15: Deltaking på beitelagsmøter i mars – tema

Framlegg til tema: Beite og gjerdeplikt.

Sak 16/15: Gjennomføring av årsmøte - fordeling av oppgåver.

Me gjekk gjennom og fordelte oppgåvene på årsmøtehelga.

Sak 17/15: Ymse. Ikkje noko vart teke opp her.

Referent: Odd-Jarle Øvreås
-sign.-